


ORGANISASJONSPLAN OIL 2021

Organisasjonsplan skal etter Lov for Osterøy Idrettslag § 16 pkt. 13 handsamast av årsmøtet kvart år.

1. FØREMÅL MED ORGANISASJONSPLANEN

- Å organisera laget slik at dei menneskelege og økonomiske ressursane blir brukt best mogeleg.
- Avklara ansvar og mynde blant dei tillitsvalde
- Regulera intern og ekstern informasjon
- Å ta vare på og utnytta laget sine eideelar, anlegg og utstyr best mogeleg.

2. ORGANISASJON



Laget har for tida ikkje ei orienteringsgruppe.

2.1. HOVUDSTYRE:

Kommentar:

- Leiar blir vald for 1 år om gangen. Øvrige styremedlemmar vert valde for 2 år om gangen.
- Controllar har eit særleg ansvar for økonomiforvaltninga.
- Dagleg leiar og controllar disponerer bankkonti kvar for seg.
- Attesteringar skal skje i samsvar med vedteken fullmaktsmatrise.
- Dagleg leiar har signaturrett på vegne av laget.
- Leiar og dagleg leiar har prokura på vegne av laget.
- Det er styret sitt ansvar at det er utarbeidd arbeidsinstruks for dagleg leiar.
- Rekneskapen i OIL føl Idrettens Rekneskaps- og Revisjonsreglar. Laget har eige rekneskapssystem og vert ført for kvar avdeling (gruppe) og summerer seg opp til samla rekneskap for OIL.

2.2 HOVUDSTYRET SITT ANSVAR

I tillegg til ansvarsområde som er definert i lagslova § 20 er hovudstyret ansvarleg for:

- Generell ekstern og intern informasjon, inklusiv hovudsansvar for heimesida til laget.
- Oppnemning av utval etter behov, og definering av organisering og arbeids- og ansvarsområde for disse.
- Overordna ansvar for langtidsplanar
- Inngåing av alle bindande avtalar (sponsoravtalar, utøvaravtalar, arbeidsavtaler osv) skal skje i samsvar med rutinane i økonomihandboka for laget.
- Samordning av sportslege aktivitetar og andre aktivitetsplanar ved behov.
- Halda oversikt over økonomi og aktivitet
- Ansvar for rekruttering av medlemer til administrative oppgåver, og føringar for gruppene i arbeidet med rekruttering og utvikling av både administrative- og sportslege leiarar.
- Ansvar for at alle som skal utføre oppgåver for OIL som inneber eit tillits- eller ansvarsforhold overfor barn og ungdom under 18 år eller utviklingshemma har vist fram gyldig politiattest.
- Ansvar for drift/design og vedlikehald av internett og intranettløysingane til OIL. Organisere opplæring i bruken av kommunikasjonsløysingane til laget og ha redaksjonelt tilsyn med innhaldet på sidene.
- Å etablera løysingar for korleis laget arkiverer viktige dokument, og at gruppestyra kjenner til desse løysingane.
- Arrangere temakveld 1 eller 2 gongar pr år med tema som er av felles interesse i eit idrettslag.
- Koordinering av gruppene i OIL sine søknader om treningstider i Osterøyhallen ved behov.
- Ansvar for å greia ut behovet og bygga vidare på innkomne forslag om nye anlegg.
- Har ansvar for spørsmål knytt til drift og vedlikehald av klubbhuset, samt avtalar med leigetakrarar.

2.3 UTVAL/ARBEIDSOMRÅDE

Styret har i 2021 eitt utval som ligg under styret og rapporterer til styret. Medlemmene i desse nemndene vert oppnemnd av styret så snart som mogleg etter årsmøtet. Desse gruppene har følgjande hovudansvarsområde, men styret kan gje meir detaljert instruks dersom nødvendig. Styret har ansvar for å kalle nemndene inn på styremøte etter behov, dog minst ein gong i året:

- Banenemnda:
 - Har ansvaret for drift og vedlikehald av grasbana og kunstgrasbana.
 - Består av dagleg leiar, eitt styremedlem frå hovudstyret og representantar for fotballgruppa og friidrettsgruppa. Desse har fullmakt til å knyta til seg ressurspersonar og organisere arbeidet slik dei ser best, innanfor dei budsjetttramme som vedlikehaldsmidlane frå kommunen tilseier.
 - Nemnda skal gi ein rapport til årsmeldinga.

3. ORGANISERING AV GRUPPENE – FELLES FOR ALLE

Osterøy Idrettslag er eit fleiridrettslag som pr. april 2021 har etablert følgjande grupper, som er ansvarleg for organisering og drift av ”sin” idrett:

- Fotball
- Friidrett
- Handball
- Ski
- ”Sprettens”
- Turn

Orienteringsgruppa er for tida ikkje aktiv, pengar på bok for gruppa vert ståande og vurdert til årsmøtet 2022.

3.1. ORGANISERING

Kvar gruppe vert leia av eit gruppestyre som minst skal ha leiar, sekretær og økonomifunksjon. Gruppestyra har m.a. følgjande ansvar:

- Hovudansvaret for gruppa sin sportslege aktivitet, og hovudansvaret for å skaffe midlar til drift av gruppa.
- Etter behov etablera komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeida mandat/instruks for desse.
- Representerer gruppa utad i ”sin” idrett.
- Ansvarlege for eigen økonomi, men skal innordna seg hovudstyret sine planar for økonomitiltak. Gruppene disponerer i utgangspunktet sjølve inntekter frå treningsavgift og ”eigne tiltak”. Kontingentar til eigne særkretsar er gruppene sitt ansvar.
- Å bidra til at alle som deltek i organisert trening og representerer laget i konkurransar er medlemmer i laget og har betalt medlemspengar og moglege avgifter som gruppene krev inn.



4. ÅRSMØTA

4.1. ÅRSMØTE I HOVUDLAGET

Lagslova inneholder retningslinjer for hovudlaget sitt årsmøte som skal haldast innan utgangen av mars kvart år. Organisering og sakliste for årsmøte i hovudlaget framgår av lagslova §14-17.

4.2. ÅRLEG MØTE I GRUPPENE

Gruppestyra skal kalle inn til årleg medlemsmøte, som skal haldast innan utgangen av februar kvart år. Oppgåvane til årleg møte framgår av lagslova § 23.

5. VALKOMITÉ FOR HOVUDSTYRE: SAMANSETNING OG ARBEID

Samansetning:

Valkomiteen består av leiar, 2 medlemar og ein varamedlem.

Hovudstyret er ansvarleg for at valnemnda får:

- beskjed i god tid om at dei er valde, og dato for årsmøte.
- komplett liste over tillitsvalde i laget (hovudstyre og gruppestyra) og kven som er på val
- tilgang til medlemsoversikta
- tilgang til laget sin organisasjonsplan og vedtekter

Valnemnda sitt arbeid:

- leiar har ansvar for at komiteen kjem i funksjon i god tid før årsmøtet
- organisasjonsplanen må brukast aktivt, slik at dei som blir spurt veit kva ansvar og arbeidsoppgåver dei er tiltenkt
- skaffa seg oversikt over kven som ønskjer attval – eller evt. ønskjer andre verv
- utarbeida framlegg til kandidatar, som skal leggast fram på årsmøte. Det er ein fordel om framlegget er klart på førehand og kan leggast ved styret sine øvrige dokument.
- når det gjeld tillitsvalde bør kvart av kjónna vere representert med minimum 40%.

Dei same prosessane blir nytta av gruppestyra og gruppene sine valkomitear så langt det er naturleg.